

◆ Tide har auka omsetnaden

Tide hadde ein omsetnad i fjerde kvartal 2007 på 737 millionar kroner, mot 509 i same kvartal året før. Resultatet vart 77 millionar mot 44 året før.

For heile 2007 auka omsetnaden frå vel 1,7 til godt 2,4 milliardar, og driftsresultatet auka frå 45 til 149 millionar kroner.

Av rapporten går det fram at Tide Reiser kjøpte selskapa Hamar Turbilar AS og Cruise Service AS for å styrkja posisjonen som nasjonal leverandør av transporttenester. Tide er blant anna tildelt hurtigbåttdrift i Møre og Romsdal, med ein kalkulert omsetnad på 67 millionar per år.

I løpet av 2007 deltok selskapet i om lag 25 anbuds-konkurransar, uttaler konsernsjef Dag Nateland i ei pressemelding.

Tiltak gjer at selskapet no føler seg godt budd til å konkurrera om dei anbod som kjem innan rutetrafikken. Selskapet har og ambisjonar om å konkurrera om anbod i Norden, går det fram av kvartalsrapporten.

◆ Fem dødsulukker i Hordaland i år

I februar var det to personar som miste livet i ulukker på vegane i Hordaland, heiter det i ei melding frå Trygg Trafikk. Dette er to meir enn i same månad i fjor, då februar passerte utan dødsulukker. Så langt i år har fem personar mista livet i dødsulukker på vegane i Hordaland. Tre av desse har vore fotgjengarar som er nedkjørte, medan to er bilførarar som har mista livet i utforkjøringar. Landet sett under eitt er det 42 personar som har mista livet i trafikken så langt i år.

◆ Måtte hentast frå Meland-bustad

Tidleg søndag morgon rykka fleire patruljebilar ut til Meland etter melding om at ein mann hadde byrja å slå laus på inventaret i eit hus, opplyser politioverbetjent Svein Fammestad til avisa Nh. To bilar frå Åsane rykka også ut avdi det var ei nokså dramatisk melding politiet fekk. I huset var det tre festdeltakarar i tillegg til mannen. Då politiet kom fram, hadde situasjonen roa seg. Mannen vart køyrd til arresten i Bergen, og han er også anmeldt for lekamsfornæring av nokre av dei andre som deltok på festen, opplyser Fammestad.

◆ Hjort påkøyrd

Ein hjort vart påkøyrd og skadd ved Mongstad båthamn søndag ettermiddag ved 16.00-tida. Dyret stakk av, men politiet varsla vilt-nemnda.



DAGENS TRIM: Lise Westervik, Merethe Eikefet og Ketil Tjore måtte reisa seg og trimma litt i lag med resten av kurset.

I treningsklede på kurs

LINDÅS: På treningskontaktkurs må ein vera klar for ei lita trimøkt når som helst. Ellers lærer ein mykje om korleis ein kan hjelpa andre å koma seg i fysisk aktivitet.

Av June Høsey Andersen

– Ein kan ha ein treningskontakt i staden for ein støttekontakt, fortel Anne-Kristine Aas frå Hordaland Idrettskrets.

– Ulikskapane mellom dei to funksjonane er vel at ein treningskontakt berre driv med fysisk aktivitet.

– Med fysisk aktivitet meiner eg å rusla ein tur, padla eller gå på ski. Så lenge deltakaren er med og vel aktiviteten og har det kjekt, så fungerer alt som det skal, meiner ho.

– Det viktigaste er at deltakaren finn glede ved å røra på seg. Då er det viktig at treningskontaktane veit kva dei driv med.

– Det må takast omsyn til deltakaren sin bakgrunn, samt eventuelle fysiske eller psykiske utviklingshemningar eller problem, og kontaktane må dermed vera i stand til å skreddarsy eit aktivitetsnivå som passar den individuelle deltakaren.

Gjer livsglede

– Eg likar godt fysisk aktivitet sjølv, og så har eg trena dottera mi, som har cerebral parese, i 22 år no, seier Merethe Eikefet.

– No har ho nett flytta ut, og eg tenkte at dersom eg tar dette

kurset kan eg kanskje hjelpa nokon andre.

– Eg er mest vand med å tilpasse treninga til fysisk og lite psykisk utviklingshemma, men no kan eg kanskje læra meg å takla personar med andre funksjons-hemmingar og, fortel Eikefet.

Ho synest det er gjevande å hjelpa andre.

– Det er viktig å gje folk ein livsglede. Eg kjenner at no når eg har tatt dette kurset har eg endå meir lyst til å jobba med dette.

– Eg har lært mykje og ikkje visste frå før, fortel ho. Til dømes kan trening i nokre tilfelle føra til at ein slepp å ta så mange medisinar. Eg trudde ikkje trening var så viktig, men det er det.

God behandling

– Tilbodet om å delta på kurset datt nærast i fanget på meg, fortel Marita Christensen Bergan.

– No er det andre kurshelga, og det har vore kjempebra, smiler ho. Eg har nesten ikkje lyst til å reisa heim att når det er slutt.

Ho har i lag med dei andre kursdeltakarane, fått kjenna på korleis det er å ikkje meistre noko:

– Når ein gjer øvingar som ein ikkje meistar, vert ein jo nedtrykt. Me har fått kjenna litt på dette. Det gjer at me lettare kan setja oss inn i andre sin situasjon, og er bevisste på at me kanskje må gjera diverse tilpassingar.

– Eg trur, nei, eg veit at fysisk aktivitet er ein god behandling for fysiske og psykiske lidingar, meiner ho.

Mental helse

– «Det er viktigare å vita kva slags menneske som har ein sjukdom enn å vita kva slags sjukdom eit menneske har,» sa Hippokrates, fortel Merete

Skadal dei blivande treningskontaktene.

– Det er ein veldig sterk samanheng mellom det mentale og det fysiske. For at me skal fungera ordentleg må det vere eit samsvar mellom dei to, meiner ho. – Det viktigaste for dykk er å vere i stand til å snu det negative til det positive.

Kurset for treningskontaktar

vart arrangert av Hordaland Idrettskrets i samarbeid med Stiftelsen Bergensklubbene og Helse Bergen, på oppfordring av Lindås kommune.

– Me vil berre takka dei dyktige kursleiarane som har gjort dette kurset kjekt å gå på, og Lindås kommune som har lagt det så godt til rette for oss her i Knarvik, avslutta Aas.



VART LEI: Ei av kursleiarane, Merete Skadal, vart lei av å sitja i ro heile tida. Derfor fekk ho alle med seg på ei treminuttars treningsøkt.



LYTTA: Hildegunn Amble Arundsen (t.v.) og Marita Christensen Bergan høyrer godt etter når kursleiarane kjem med gode tips og råd under teoridelen av kurset.